



MS SUNNHORDLAND legg til kai på Leirvik, presist kl. 18

**Mange hadde funne vegen til Natrutekaien då MS SUNNHORDLAND la til kai i kveld kl. 18, nøyaktig på tida slik skipet gjekk i Sunnhordland snøggrute i 24 år. Kåre Hauge frå Skorpo var maskinist om bord 1962 - 1964. Uskedalen.no møtte han på Leirvik i dag og vi fekk saman med han ei lærerik og interessann omvisning på HSD sitt største passasjerskip.**



[HSD entusiast Harald Sætre](#) og [tidlegare maskinist Kåre Hauge](#), ved landgangen.

Kåre Hauge kjenner seg godt att på skipet. Mykje er originalt, noko er ombygd og gjort meir teneleg ut frå dagens krav. Bildekket er ført tilbake slik det var. Rett nok er dreieskiva borte. Hauge minnest godt installasjonen under taket for å kunna ta slakt frå Ølen til Bergen. Soldekket akter er kledd inn og er i dag salong og restaurant. Salongen forut er som før. Det same med spisesalongen. Maskinsjef Olav Myklebust sat til bords med skipper og 1. styrmann og hadde alle sine måltider saman med passasjerane.



[Kåre Hauge ved nedgangen til maskinrommet.](#)

Damesalongen på babord side og herresalongen på styrbord side er originale. Det same er mange av lugarane. Straks du kjem om bord ser du det som var postkontor og sjukelugar. Kåre Hauge minnest godt pasientane frå Bergen på reise til Valen sjukehus med vakter. Det kunne vera eit trist syn med sterke opplevingar.





[Kåre Hauge saman med kaptein Landa, på brua som stort sett er original.](#)

Maskinsjef og maskinistane budde nede tett ved maskinen. I Kåre Hauge si tid gjekk MS SUNNHORDLAND med to GM ( General Motors ) og tre hjelpemotorar fordelt i to maskinrom, tilsaman 1800 HK og ein maksfart på 18 knop. I 1985 vart det sett inn ny maskin, 2 stk. Chatepillar med 1735 HK og med langt lågare fart. Maskinane er i dag samla i eit maskinrom.



[Spisesalongen med oppdekket bord.](#)

I Kåre Hauge si tid gjekk ein 4 - 8 vakter. Maskinsjefen gjekk alltid 8 - 12 vakta. Maskinisten hadde 4 - 12 vakta. Hundevakta var frå kl. 12 på natta til kl. 4 på morgonen. Kaptein Leknes var førar. Skipet hadde los, Solheim. Sommarstid gjekk dei alltid Laukhammarsund på turen frå Sunde til Bergen på natta. På vinteren vart kursen lagt sørom Huglahammaren.



Lugarane er originale og er i god stand.

Uskedalen.no har hatt ei gild stund saman med Kåre Hauge,- ein maskinkyndig person som etter tida si på SUNNHORDLAND vart maskinmeister på marinebasen Håkonsvern, og med det fekk tilsyn og servicearbeid på krigsfarty. Dermed var ringen slutta, frå det som var eit amerikansk krigsfarty og vart passasjerskip i Sunnhordland til arbeidet med ulike typar marinefarty.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal